

## Vedlegg 1

### - Rutine for nøytralitet og informasjonsplikt i Bømlo Kraftnett AS

#### Bakgrunn

I kraftmarknaden er det eit skilje mellom konkurranseorienterte omsettingsselskaper og monopolregulerte nettverksemder. Ein av føresetnadane for ein effektiv kraftmarknad er eit klart skilje mellom monopolregulert og konkurranseorientert verksemd. Nøytralitet inneber at nettfunksjonen ikkje skal påverke konkurranseforholda mellom de ulike kraftleverandørane i marknaden.

Nettselskapa skal opptre nøytralt overfor alle kraftleverandørar. Dei skal sørge for ei effektiv informasjonsutveksling ved leverandørbytter, måling og avrekning, med formål om å sikra eit tilstrekkeleg konkurransenivå i marknaden.

I tillegg plikter nettselskapa å gjennomføre leverandørbytter når dei mottar ei melding om dette, i tråd med avrekningsforskrifta.

Nettselskapet si grad av selskapsmesseg eller eigarmesseg integrasjon med ein eller fleire straumleverandørar skal ikkje gi grunnlag for særordningar som påverkar kunden sitt val av leverandør. Krav til nøytral opptreden gjeld ovanfor alle nettkundar, kraftleverandørar og produsentar.

I eit integrert føretak skal nettverksemda vere organisert som ei eiga sjølvstendig juridisk eining, skild frå anna verksemd. Nettføretak skal ikkje ha direkte eller indirekte kontroll over føretak som driv anna verksemd.

Føretak som driv produksjon eller omsetnad av elektrisk energi eller konsesjonspliktig fjernvarmeverksemd, skal ikkje ha direkte eller indirekte kontroll over nettføretak.

Nettselskap med meir enn 100.000 kundar er underlagt krav om funksjonelt skilje. Det inneber mellom anna at personar i leiinga i nettforetak ikkje kan delta i leiinga i føretak som driv anna verksemd innafor det integrerte føretaket.

Morselskap eller kontrollerande eigar i det integrerte føretaket skal ikkje gi instruksar til nettføretak om den daglege drifta eller om avgjersler ved utbygging eller oppgradering av nettet. Dette er ikkje til hinder for overordna styring med nettføretaket sine økonomiske rammer.

Bømlo Kraftnett har færre enn 10.000 kundar og er ikkje underlagt kravet om funksjonelt skilje. Kravet om selskapsmessig skilje gjeld og er ivaretatt.

Nettselskap skal opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande.



Et nettselskap innafor eit integrert føretak skal ikkje ta avgjersler eller utføre handlingar som kan gi ein særleg fordel til andre føretak innafor gruppa og som kan utnyttast i marknaden.

Føretak med omsettungskonsesjon og morselskap eller kontrollerande eigar i integrert føretak, skal ikkje forsøke å oppnå ein særleg fordel frå det integrerte nettselskapet.

Nettselskapet si marknadsføring og kommunikasjon skal skilja seg klårt frå ein kvar kraftleverandør og frå føretak i det integrerte føretaket som nettselskapet er en del av. Blant anna skal nettselskapet sitt føretaksnamn, andre forretningskjenneteikn og varemerke utformast slik at nettselskapet skil seg klårt frå kraftleverandørar og frå andre føretak i det integrerte føretaket.

## **Formål**

Bømlo Kraftnett AS som nettselskap er eit integrert føretak pålagd å etterleva nøytralitet som er gitt i forskrifter. Rutinar skal sikre at Bømlo Kraftnett AS overheld nøytralitetsplikta, og oppfyller gjeldande krav i forskriftene. Dette dokumentet beskriv Bømlo Kraftnett sine forpliktingar og oppgåver for å oppfylle rammene gitt i forskriftene.

## **Målgruppe**

Alle tilsette i nettselskapet samt nettselskapets styre skal informerast om og ha kjennskap til nøytralitetskrav og skal sørge for at alle nettkundar behandlast likt, uavhengig av kva kraftleverandør dei har, og uavhengig av om dei kjøper andre tenester frå konsernet. Dokumentet kan nyttast aktivt på alle nivå og i alle områder i nettselskapet etter behov. I oppgåveleveransar som nettselskapet har eller som blir satt ut til konserninterne eller eksterne tenesteleverandørar skal krava i denne rutinen inngå i tenesteleveranseavtalane.

Tilsette, innleigde og leverandørar til Bømlo Kraftnett AS er forplikta til å opptre nøytralt.

## **Roller**

### **Organisering og roller**

Føremålet med selskapsmesseg og funksjonelt skilje er å redusere risiko for kryss-subsidiering mellom monopolverksemda og konkurranseutsett verksemd, og å styrke nettselskapet si nøytralitet.

### **Selskapsmesseg skilje**

Nettselskap skal skiljast ut i egne selskap som ikkje driv med anna verksemd jf Energiloven §4-6 Krav om selskapsmessig skille. Bømlo Kraftnett AS er datterselskap i Finnås Kraftlag SA, og er organisert som eige aksjeselskap.

### **Funksjonelt skille**

Bømlo Kraftnett AS har ikkje krav om funksjonelt skilje. Det er derfor gjennomgåande styre i alle selskap i konsernet.

## Leiing og ansvar

Leiarar på alle nivå i Bømlo Kraftnett AS har ansvar for at rutinar rundt nøytralitet vert gjort kjent for sine medarbeidarar og har ansvar for at desse vert følgd. Minst ein gong i året skal det informerast/minnast om rutinen. Leiarar skal sjå til at alle medarbeidarar har deltatt i gjennomgang og at innhaldet er forstått.

Ved gjennomgangen skal det eventuelt leggast vekt på kva for områder av nettverksemda som er spesielt utsett. Det skal leggast fram eksempel på opptreden for å overhalda nøytralitetsbestemmingane. Alle tilsette i nettselskapet skal skriftleg (elektronisk) forplikta seg til å følga regelverket og å overhalda nøytralitetsbestemmingane. Det stilles same krav til innleigd arbeidskraft og tilsette hos tenesteleverandørar. Alle brot på nøytralitet skal meldast som avvik og skal følgjast opp av nøytralitetsansvarleg.

Administrerande direktør i Bømlo Kraftnett AS har overordna ansvar for at krava vert følgd.

## Nøytralitetsansvarleg

Bente Steinsland er nøytralitetsansvarleg i Bømlo Kraftnett og har mellom anna mellom anna ansvar for innhald på selskapet si nettside, ansvar for malar tilknytt kundeinformasjon på e-post, SMS og brev etc. Rolla som nøytralitetsansvarleg inneber ansvar for årsrapport, rutinebeskriving, opplæring og oppfølging av nøytralitet i selskapet.

## Framgangsmåte (Prosess)

### 1. Personvern og informasjonsdeling

Bømlo Kraftnett AS er ansvarleg for behandling av dei personopplysingar som vert gitt i samband med etablering, drift og vedlikehald av straumnettet og dei tenester som vert levert. Dette gjeld også i dei tilfelle der Bømlo Kraftnett AS har engasjert tredjepartsselskap til å utføra tenester. Behandling av personopplysingar er nærmere beskrivne i vår Personvernerklæring for Bømlo Kraftnett AS. Personvernerklæringa ligger også på Bømlo Kraftnett AS si heimeside.

Bømlo Kraftnett AS skal ikkje gi tilgang til informasjon som andre aktørar ikkje har, og som kan utnyttast i marknaden, jfr. [NEM §4-14](#). I forhold til informasjon

som ikke er offentleg allereie skal det visast varsemd med å dele informasjonen internt i konsernet.

Bømlo Kraftnett AS føl Finnås Kraftlag SA sitt krav til skriftleg teieplikt som gjeld alle tilsette i konsernet. Alle brot på teieplikta skal meldast som avvik og følgjast opp av nærmeste leiar som følgjer av internt regelverk.

Bømlo Kraftnett AS kjøper årleg inn varer og tenester for betydelege beløp. Alle innkjøp skjer i forhold til [Forskrift om offentlege anskaffingar \(anskaffelsesforskriften\)](#) og [Forskrift om innkjøpsregler i forsyningssektorene \(forsyningforskriften\)](#).

Alle anskaffingar skal:

- gjennomførast på ein måte som sikrar høg forretningsetisk standard.
- så langt som mogeleg vera basert på konkurranse, kunna etterprøvast og dokumenterast.
- vurderast opp mot samla levetidskostnadar og oppfylla av FNs bærekraftmål.

Interne kjøp av tenester frå morselskap eller andre selskap i konsernet skal skje med omsyn til skriftlege avtalar og krava i [Energilova §§ 4-6 og 4-7](#), samt [Forskrift om økonomisk og teknisk rapportering, inntektsramme for nettvirksomheten og tariffer § 2-8 og Kryssubsidiering](#).

Ved alle tenesteleveransar skal krav til og retningslinjer for konfidensialitet og nøytralitet takast med i tenesteleveranseavtala.

## **2. Marknadsføring og kommunikasjon**

Bømlo Kraftnett AS skal i si marknadsføring og kommunikasjon skilje seg klart frå straumleverandørar og frå føretak i det integrerte føretaket som nettselskapet er en del av. For å unngå samanblanding av selskap skal det komma tydeleg fram i kommunikasjonen at det er Bømlo Kraftnett AS som er avsendar av sin informasjon, derunder reklame, stillingsannonser, informasjon på internett/aviser/plakatar, uttalar, pressemeldingar og intervju med massemedia direkte kontakt med kundar, utsending av kundeinformasjon pr. e-post, SMS, brev mm.

Bømlo Kraftnett AS har eiga nettside med eige domenenamn [bomlo-kraftnett.no](http://bomlo-kraftnett.no). På nettsida vert informasjon om krav til nøytralitet offentleggjort, samt årleg nøytralitetsrapport.

Ved gjennomfakturering av kraft og nettleige skal informasjon frå kraftleverandør og leverandør av nettenester ikkje vera i same skriv, men eigne informasjonsvedlegg frå både nettselskapet og kraftleverandør kan leggast ved i fakturakonvoluten.

### 3. Leveringsplikt og leverandørbytte

Nettselskapet pliktar å levere straum til kundar som ikkje har ein gyldig kontrakt med en ordinær straumleverandør, slik at dei har et kundeforhold og får levert straum. Denne ordninga kallar ein leveringsplikt jf. Energiloven §3-3. Kundar med leveringsplikt skal informerast om ordninga, og opplysast om korleis dei kan velge seg ein straumleverandør, jf Avregningsforskriften §8-1. Bømlo Kraftnett AS sender informasjon til nye kundar med leveringsplikt straks etter oppstart av ny kontrakt. Det vert sendt ny informasjon til kunden kvar tredje månad dersom straumleverandør ikkje er valt. Informasjonen sendes fortrinnsvis på e-post, og pr brev dersom e-postadresse ikkje føreligg.

Bømlo kraftnett AS handterer leverandørbytter samt annullering av disse, og føl forskriftene for leverandørskifter med tilhøyrande tidsfristar på lik linje med alle andre kraftleverandørar. Melding om leverandørskifte som ikkje er innafor tidsfrist gitt i forskrifta vert avvist.

Ved oppstart og anleggsovertaking av leveringspliktig kraftleveranse skal avrekningsansvarleg sende melding om anleggsovertaking utan leverandørskifte til sluttbruker sin kraftleverandør dersom sluttbruker allereie har en kraftleverandør i et annet målepunkt. Meldinga skal sendast utan ugrunna opphold. Meldinga skal ikkje sendast dersom sluttbrukar har meir enn ein kraftleverandør. Alle meldingar til kraftleverandørar vert utsendt via Elhub.

Alle nye kundar mottar nettleigeavtale frå Bømlo Kraftnett AS. Dersom kunden vert lagd på leveringsplikt blir dette informert om i brevet, og kunden vert oppmoda til å velge en kraftleverandør så raskt som mogleg. Vedlagt følgjer også informasjon om andre kraftleverandørar i Bømlo Kraftnett AS sitt forsyningsområde.

Informasjon om leveringsplikt og val av straumleverandør finn ein også på Bømlo Kraftnett AS si heimeside.

Bømlo Kraftnett AS utfører sjølv fakturering av nettenester og elektrisk kraft (ventetariff).

### 4. Rapportering og avvik

Eventuelle avvik/mistanke om avvik på nøytralitet som vert oppdaga i selskapet skal rapporterast. Det skal skje i høve til selskapets kvalitetssystem, eller rapportering direkte til nærmeste leiar eller nøytralitetsansvarleg.

### 5. Årleg rapportering

Det skal årleg utarbeidast en årsrapport jf Forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv (avregningsforskriften) §8-1b Nøytralitetsrapport. Rapporten utarbeidast av nøytralitetsansvarleg og skal godkjennast av styret i Bømlo Kraftnett AS før den vert offentleggjort internt og på heimesida innan 1.april påfølgande år.

Rapporten skal innehalda følgjande:

- Rapportering av etterleving og avvik
- Rapportering av klagesaker knytt til nøytralitetsregelverket. Skildra bakgrunn for sak, korleis dette er handtert, og kva som vart resultatet.
- Dokumentere at dei tilsette er informert om krava knytt til nøytralitet

## **6. Teieplikt- og nøytralitetserklæring**

Alle tilsette i selskapet signerer Erklæring om teieplikt ved Finnås Kraftlag SA og Bømlo Kraftnett AS ved tilsetting. Innleigde signerer Teieplikt og nøytralitetserklæring for eksterne. Innhaldet i erklæringane er i tråd med gjeldande lovgjeving.

## **7. Nøytral oppreden**

Rutine for nøytral oppreden skal sikra at tilsette og innleigde er informert om krav og konsekvensar for eventuelle brot på nøytralitet.

## **8. Kundeservice**

Bømlo Kraftnett AS har eige telefonnummer: 53 42 89 30.

Bømlo Kraftnett AS har eige domene for heimeside. Bømlo Kraftnett AS informerer kundane jamleg via denne nettstaden.

## **9. Stenging for manglende betaling**

I flg. Bømlo Kraftnett AS sin stengeprosedyre stenges det berre for uteståande nett-tariff og leveringspliktig kraft.

## **Referansar**

### **10. Forskriftskrav**

Krava til nøytralitet og informasjon går fram av Forskrift om måling, avrekning, fakturering av nettenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv (avregningsforskriften) § 8- 1 og § 8-1 a og b.

Krav til selskapsmesseg og funksjonelt skilje går fram av Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.. (energiloven) § 4-6 og § 4-7.

Krav til nøytral oppreden er også definert i Forskrift om nettregulering og energimarkedet (NEM) § 4-14 – 4-18

Internt gjelder også Rutine for Databehandleravtaler

## Vedlegg 2 - Rutine for nøytral opptreden Bømlo Kraftnett AS

### Informasjon

Bømlo Kraftnett er som nettselskap pålagd å etterleva nøytralitet som er gitt i:

- Forskrift om måling, avregning, fakturering av nettjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv (avregningsforskriften) § 8- 1 og § 8-1 a og b
- Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m.. (energiloven) § 4-6 og § 4-7.
- Forskrift om nettregulering og energimarkedet (NEM) § 4-14 – 4-18

### Bakgrunn

Som nettselskap har Bømlo Kraftnett AS ei lovbestemt plikt til å opptre nøytralt ovanfor kraftleverandørar og sluttbrukarar. Nøytralitetsplikta inneber også ei plikt til å vidareformidla ikkje-teiepliktsbelagt informasjon på like vilkår til alle kraftleverandørar og sluttbrukarar. I tillegg pliktar nettselskapa å gjennomføra leverandørskifter når dei mottar ei melding om dette, i tråd med bestemmingane i avregningsforskrifta. Nettselskap skal opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande. Eit nettselskap innafor eit integrert føretak skal ikkje ta avgjersler eller utføra handlingar som kan gi ein særleg fordel for andre føretak innafor gruppa, derunder gi tilgang til informasjon som andre aktørar ikkje har, og som kan utnyttast i marknaden. Nettselskap skal i si marknadsføring og kommunikasjon skilje seg klårt frå ein kvar kraftleverandør og frå føretak i det integrerte føretaket som nettselskapet er ein del av.

### Formål

Bømlo Kraftnett AS er som nettselskap i integrert føretak pålagd å etterleva nøytralitet som er gitt i forskrifter. Rutinar skal sikra at Bømlo Kraftnett AS sine tilsette og innleigde erklærer at krav til nøytralitetsplikt er forstått og blir etterlevd.

### Målgruppe

Alle tilsette i Bømlo Kraftnett AS og andre som utfører oppdrag på vegne av Bømlo Kraftnett AS skal kjenna til krava til nøytralitet som beskrivne i Rutine for nøytralitet i Bømlo Kraftnett AS. Dette ser ein som oppfylt ved dokumentert lesestadfesting eller signatur av dette dokumentet. Tilsette som leiger inn ressursar eller inngår avtale med leverandørar for å utføre oppdrag på vegne av Bømlo kraftnett AS, pliktar å informere om krava som vert stilt til nøytral framferd.

## Framgangsmåte (Prosess)

### Nøytralitetsplikt:

Eg er kjent med at:

- Bømlo Kraftnett AS har ei lovbestemt plikt til å opptre nøytralt ovanfor kraftleverandørar og sluttbrukarar. Denne er eg underlagt, gjennom mi rolle som arbeidstakar i, eller oppdragstakar for selskapet. Nøytralitetsplikta inneber også ei plikt til å vidareformidla ikkje-teiepliktsbelagt informasjon på like vilkår til alle kraftleverandørar og sluttbrukarar.
- Eg som tilsett i Bømlo Kraftnett AS skal opptre nøytralt og ikkje-diskriminerande.
- Bømlo Kraftnett AS i si marknadsføring og kommunikasjon skil seg klårt frå ein kvar kraftleverandør og frå føretak i det integrerte føretaket som nettselskapet er ein del av.

Eg har sett meg inn i:

- Rutine for nøytralitet og informasjonsplikt i Bømlo Kraftnett AS
- Gjeldande internt regelverk og instruksar for utføring av mine arbeidsoppgåver
- Relevante lover og forskrifter

Eg er klar over:

- At brot på nøytralitetsplikta kan medføra straffeansvar og/eller sivilrettslege reaksjonar for Bømlo Kraftnett AS
- At brot på nøytralitetsplikta kan medføra tenestemessige reaksjonar.

Erklæringa om nøytralitet gjeld i tillegg til Finnås Kraftlag SA konsern si Teiepliktserklæring.

### Referansar

#### Rutine for nøytralitet og informasjonsplikt i Bømlo Kraftnett AS

[Forskrift om måling, avregning, fakturering av nettjenester og elektrisk energi, nettselskapets nøytralitet mv.](#)

[Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. \(energiloven\)](#)

[Forskrift om produksjon, omforming, overføring, omsetning, fordeling og bruk av energi m.m. \(energilovforskriften\)](#)

[NVE Veileder 2011:5 Nettselskapets nøytralitet og informasjonsplikt.](#)

